

KJÆRE SØSTER



ALF KJETIL WALGERMO

# KJÆRE SØSTER

CAPPELEN DAMM

**AV ALF KJETIL WALGERMO**

*Mitt bankande hjarte.* Ungdomsroman. Cappelen Damm, 2011

*Mor og far i himmelen.* Illustrert barnebok. Cappelen Damm, 2009

*Keegan og sjiraffen.* Illustrert barnebok. N.W. Damm & Søn, 2007

*Mestermøter. 100 opplevelser av Jesus fra Nasaret.* Prosa. Lunde, 2006

*Eselhistorier. Bakspark fra verdenslitteraturen.* Antologi. Dinamo, 2003

## **Eli Anne Storfjord** ▶ **Amalie Storfjord**

5. oktober

Kjære søster.

I dag ville du fylt 15 år. Pappa seier at vi skal komme igjennom dette. At livet framleis er verdt å leve. Men eg fekk ikkje eingong sagt farvel til deg. Eg fekk aldri gitt deg ein siste klem. Eg trudde det skulle bli lettare etter kvart. At dei gode minna skulle ta over for alt det fæle. Men det er motsett. Eg saknar deg berre meir og meir. Kjenner sterkare og sterkare at du er borte. Eg har ikkje klart å skrive til deg før no. Men i dag sa mamma og pappa at dei ønskjer å legge ned profilen din. Eg vil skrive til deg kvar einaste dag før det skjer. Eg veit ikkje korleis eg elles skal nå deg.

Likar · Kommentér · Del

## Eli Anne Storfjord ▶ Amalie Storfjord

6. oktober

Kjære søster.

Når eg scrollar nedover tidslinja di, trur eg nesten at du lever. Det er så mange som har skrive til deg. Som har lagt ut bilete, minneord og dikt. Nesten alle vennane dine skreiv på veggen din etter at du døydde. Eg sjekkar han kvar dag, for å sjå om det har skjedd noko nytt. Mange har skrive at dei saknar smilet ditt. At du var den beste. At du sette spor. Men no går det fleire dagar mellom kvar gong det skjer noko. Det eg skriv til deg, er det berre du som kan lese. Eg har vore inne på kontoen din og endra innstillingane. Om vi skal møtast att på den andre sida, vil eg ikkje ha noko uoppgjort med deg.

Likar · Kommentér · Del

## **Eli Anne Storfjord** ▶ **Amalie Storfjord**

7. oktober

Kjære søster.

Vi vaks opp i dette huset. Vi stod på badet saman om morgonen. Vi åt frukost saman nede på kjøkkenet, og vi sykla saman til skulen. Eg visste at uansett kva som skjedde, hadde eg ei venninne. Vi skal aldri meir sitte på murkanten og kikke på gutar i friminutta. Vi skal aldri meir ligge i sengene våre og snakke til så langt på natt at dagslyset kjem smygande bak gardinene. Eg skal aldri meir le slik eg gjorde kvar gong du sovna før meg, på rygg, med hendene falda over dyna. Du såg så prektig ut, som om du bad til Gud i søvne. Eg kunne ligge og lytte til pusten din. Han var så trygg.

Likar · Kommentér · Del

## Eli Anne Storfjord ▶ Amalie Storfjord

8. oktober

Kjære søster.

Ingen i klassen min spør kvifor eg slutta på talentprogrammet. Dei veit at du er død. At eg ikkje orka å pendle til Trondheim. Dei veit at eg ikkje klarte det. Eg orkar ikkje å vere sosial i friminutta. Når eg smiler, merkar eg at det blir falskt. Smilet når ikkje opp til auga mine. I går tok eg bussen til byen utan å gå av ved skulen. Eg gjekk opp dei lange trappene i staden. Prøvde å telje trappetrinna, om dei var like mange som sist. Eg har slite med konsentrasjonen i det siste. Tankane mine er ikkje til å stole på. I timane høyrer eg ikkje kva læraren seier. Eg stirer på den grønne veggglampen i klasserommet. Han minner om ein bårekrans.

Likar · Kommentér · Del

## **Eli Anne Storfjord** ▶ **Amalie Storfjord**

9. oktober

Kjære søster.

Eg går rundt som eit tomt hylster. Det er som om nokon har opna kroppen min og røska ut involane. Alt i meg er eit stort søkk. Berre hjartet mitt er att der inne. Det pumpar utan glede, åleine i det kalde holrommet. Eg kjenner det når eg ikkje får sove om nettene: hjartet som hutrar mellom dei nakne ribbeina. I mørket står ein knurrande sjakal som truar med å glefse i seg det bankande hjartekjøtet. Eg vrir hovudet mot senga di og kviskrar namnet ditt, men det er lenge sidan du slutta å svare.

Likar · Kommentér · Del

## Eli Anne Storfjord ▶ Amalie Storfjord

10. oktober

Kjære søster.

Eg prøver å øve på pianoet i kjellarstua, men eg orkar ikkje å sitte der nede meir enn eit kvarter om gongen. Eg veit at mange kunstnarar har skapt dei beste verka sine i sorg. Men det kjennest så umogleg. Eg veit ikkje korleis eg kan skape noko når alt har rast saman rundt meg. Eg veit ikkje om musikken toler eit slikt mørke. Det er betre å sitte på rommet mitt, her i andre etasje får eg iallfall lys. Du misunnte meg alltid det store vindauget. Utsikta over fjorden. Frå pulten ser eg måsane som kranglar nede i fjøra. I stad såg eg Gråpus som lista seg rundt pæretreet. Eg opna vindauget og gjorde stemma mi søt, kalla han for «pusen min». Gråpus stoppa opp med ein pote løfta frå bakken då eg ropte, spissa øyra og vendte hovudet skrått mot meg. Slik blei han ståande, før han liksom kom til seg sjølv og skunda seg inn bak ripsbuskane.

Likar · Kommentér · Del

## Eli Anne Storfjord ▶ Amalie Storfjord

11. oktober

Kjære søster.

Tinga på rommet ditt står framleis framme. Mamma og pappa har ikkje rydda dei bort enno. Det er som om vi har venta på at du skal komme heim. Som om du har vore på ei utanlandsreise. Men no har pappa sagt at vi må gå igjennom alt, så rommet ditt ikkje blir som eit museum. Eg blei sint då han sa det. Det kjennest nesten som om han vil sparke deg ut. Han kan like godt gjere rommet ditt til gjesterom. Mamma og pappa er ikkje seg sjølve for tida. Går rundt i huset og er kjempetriste, mens dei prøver å sjå det positive i alt. Mamma er så forståingsfull i stemma at det er heilt vilt. Er det slik det skal bli resten av livet? Då blir det ikkje lenge til eg flyttar ut. Vi har krangla om profilen din igjen. Pappa er bestemt på at han skal leggest ned før jul. Eg sa at han og mamma ikkje forstår seg på slike ting i det heile. Slamra med døra då eg gjekk ut av stua. Du skal få kvile i fred. Vi skal hugse deg som den du var. Men eg har ikkje lyst til å slette deg.

Likar · Kommentér · Del

## Eli Anne Storfjord ▶ Amalie Storfjord

12. oktober

Kjære søster.

Eg skriv dette frå pulten på rommet ditt. Han er like rotete som før. Nokre pennar, eit par blyantar og eit viskelêr ligg strødde utover. Linjalen din stikk opp frå eit Mummi-krus. På heile undersida av linjalen står det PATTI SMITH med store bokstavar. Eg har prøvd å telje opp kva slags artistar du har referert oftast til på tidslinja di. Det er ikkje noka stor overrasking at Patti Smith kjem på topp. Du brydde deg ikkje om at venninnene dine syntest du hadde sær musikksmak. Du hadde jo meg. Ingen av oss likte One Direction eller Justin Bieber. Ingen av oss var forelska i Isac Elliot. No er det over eit halvt år sidan vi sat i senga di og krangla om kven som var best av Bob Dylan og Patti Smith. Du meinte Patti Smith hadde den råaste energien, og at eg ikkje likte henne fordi ho song så rått. Eg svarte at ho ikkje song rått, men *falskt*. Du meinte det var Bob Dylan som song falskt! Eg kalla deg ein dust, du svarte med å kalle meg ein dåsemikkel. Vi brukte ofte å skjelle kvarandre ut med ord som begynte på same bokstav. Toskejente, sa du. Tufsemus, sa eg. Eg hugsar at du såg rart på meg. Tufsemus? Så knakk vi saman i latter.

Likar · Kommentér · Del

## **Eli Anne Storfjord** ▶ **Amalie Storfjord**

13. oktober

Kjære søster.

Du kjem aldri til å tatovere deg igjen.

Du kjem aldri til å irritere vettet av meg med gitaren.

Du kjem aldri til å låne buksene mine utan å spørje.

Du kjem aldri til å komme styrtande inn døra for å fortelje om noko sprøtt som har hendt.

Vi kjem aldri til å snike oss innpå kvarandre bakfrå for å gi kvarandre ein klem.

Vi kjem aldri til å denge laus på kvarandre med dei raude fløyelsputene.

Vi kjem aldri til å danse nakne på badet.

Likar · Kommentér · Del

## Eli Anne Storfjord ▶ Amalie Storfjord

14. oktober

Kjære søster.

Den kvite kommoden. Opphenget med smykke og armband. Skåla med øyredobbar. Biletet av Patti Smith over senga. Mamma blei så glad då eg likevel ville hjelpe til. Ho gav meg ein lang klem. Kanskje blir det lettare når vi får pakka ned tinga dine? Det er fælt å gå igjennom garderoben din. Nesten som å røve ei grav. Eg har tatt over den grønne strikkegenseren og den svarte Nudie-jeansen. Mange av toppane og T-skjortene dine òg. Eg går att og fram mellom skapa våre. Du går gjennom rommet som eit spøkelse. Som ein engel.

Likar · Kommentér · Del